

Barneblikksatsinga – rapportering januar - juni 2021

Barneblikk For konkret skildring av mål og tiltak sjå vedlagt <u>rapport.</u>	Prosjektgruppa har følgjande satsingsområde:	2018-2022	<p>Staus mai 2021.</p> <p>Kartlegging frå 2020 fekk ca. 100 familiar og 270 personar oppfølging av Barneblikk familieteam i Ulstein, Ålesund, Molde og Kristiansund. Sjå også vedlegg – årleg melding for Barneblikk 2020.</p>
	Tverrfaglig forankring		<p>Samansettinga av Barneblikk familieteam er som tidlegare planlagt. Tilsette opplever den tverrfaglege tilnærminga som svært nyttig.</p> <p>Det er etablert lokale leiargrupper for kvart Barneblikk familieteam. Likevel kvilar <u>for</u> mykje av ansvaret på den lokale leiaren. Dette resulterer i ustabil drift når m.a. utdanninger, nedskjeringar og sjukemeldingar oppstår i dei ulike tenestene. Styringsgruppa har førebels ikkje funne varige løysingar for dette. Til hausten skal SWOT-analyse gjennomførast som grunnlag for tiltak til å styrke tilbodet.</p>
	Geografisk spreiing.		<p>Kommunesamanslåinga i Ålesund og Molde har bidratt til auka nedslagsfelt for Barneblikk familieteam. I samband med dette har Molde kommune styrka personalressusen sin.</p> <p>Grunna mange sjukemeldingar og ustabil drift av Barneblikk familieteam har det ikkje vore høve til å jobbe med geografisk spreiing ut over dette.</p> <p>Det er etablert forskingssamarbeid med Møreforsking og RKBU. Forskinga er sentral for korleis andre kommuner kan inkluderast i Barneblikk-satsinga. Sjå vedlegg - første leveranse frå Møreforsking.</p>
	Kompetanseheving.		<p>Grunna sjukemeldingar har resteande personell prøvd å kompensere for behova til familiane i tilbodet. I tillegg til koronasituasjonen har det vore lite høve</p>

			til kompetanseheving utanom dei tverrfaglege drøftingane.
	Kommunikasjon.		Nettsida – oppdateringar og referat frå møter og informasjon om koronatiltak i tilbodet. www.helse-mr.no/barneblikk Brosjyrene er aktivt i bruk.
	Ambulant verksemd.		Barneblikk familieteama tilbyr heimebesøk. Korona situasjonen har i perioder redusert den ambulante verksemda, medan familiene sitt behov for oppfølging auka.
	Brukarmedverknad.		Brukar- og erfaringsrepresentantane i styringsgruppa er aktive. Elles utfordrande med tilgang på offentlege digitale plattformer for privatpersonar. Til hausten er det planlagt opplæring i tilbakemeldingsverktøyet FIT. Dette for å styrke brukarmedverknaden i familiene si oppfølging.
	Tidleg innsats.		Familiene har ofte meir strev enn det som først blir avdekt. Resultatet er omfattande oppfølging på bekostning av familiar med lettare vanskar.
	Finansiering.		Pr.d.d. er kommunale ressursar finansiert av tilskot frå Statsforvaltaren. Helse Møre og Romsdal stiller med klinisk ressurs tilsaman 2 stillingar, i tillegg til årlege ressursar til koordinering og utviklingsarbeid. Overordna avtale forpliktar partane til vidare drift.